



Norconsult AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/3305 - 19/36698

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2019

## Løyve til riving og sanering av truckdieselområde - gbnr 188/358 Gjervik ytre

### Administrativt vedtak. Saknr: 747/19

**Tiltakshavar:** St1 Norge Group AS  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving og sanering av truckdieselområde med tilhøyrande diseltank (6000l) og oljeutskiljar på eigedom gbnr 188/358 i samsvar med tiltaksplan godkjent i sak 18/3471, administrativt vedtak saknr. 685/19 datert 02.12.19.

Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Det vert elles vist til søknad motteken 05.12.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 05.12.19 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Eigedomen og det aktuelle arealet er omfatta av områdeplan Knarvik sentrum/planid.: 1263-201002 og av reguleringsplan E39 oval rundkøyring/planid.: 1263-201702.

Det aktuelle arealet er i reg.plan Oval rundkøyring avsett til mellombels anleggs- og riggområde #8

### 9.1 Føresegnområde # 1 –5 og #7-8 - Mellombels anleggs- og riggområde

9.1.1 Føresegnområde #1, #7 og #8 - Mellombels anleggs-, byggje- og riggområde  
I områda kan naudsynte inngrep og anleggsarbeid gjennomførast for bygging av veganlegget.  
Områda kan og nyttast for trafikkomlegging, som tilkomst for veganlegget og til lagring av




massar, brakkerigg og lager.

I føresegnområde #1 er det ikkje tillate å fjerne eksisterande furutre. I anleggsfasen skal det etablerast ei sikringsone kring treet. Sikringsone og kompensasjon for eventuell skade skal fastsetjast som ein del av byggeplan og ytre miljøplan.

Etter at anlegget er avslutta går arealet attende til regulert føremål i eksisterande reguleringsplanar eller kommunedelplan. For areal som er omfatta av plan 1263-201002 vil føresegnene for den planen vere gjeldande.

Tilbakeføringa skal ferdigstillast seinast 3 månader etter at veganlegget er opna.

Vidare er arealet i områdeplan for Knarvik senter avsett til sentrumsføremål BAA.



### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon. Riving av truckdieselstasjon med tilhøyrande diseltank og oljeutskiljar samt sanering av massar frå området er vurdert å vere i samsvar med reguleringsplan E39 oval rundkøyring/planid.: 1263-201702 § 9.1.

### Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

### Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Ansvarleg søkjar har i søknad om løvve til tiltak gjort følgjande vurdering kring nabovarsling:

(...)Det er ikke sendt ut nabovarsel da tiltaket er i direkte tilknytning til gjennomføringen av reguleringsplanen Knarvik sentrum med plan ID 1263 201002 og tiltaket er inne i et område hvor det allerede er anleggsvirksomhet som det er sendt ut nabovarsel for ref saksnummer 19/177.(...)

Kommunen krev ikkje yttarlegare varsling av tiltaket.

### Plassering

Området som er omfatta av tiltaket er synt på situasjonsplan dagsett 05.12.19. tiltaket er skildra i tiltaksplan i sak 18/3471, tiltaksplan er godkjent i vedtak datert 02.12.19.

### Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp (VA)

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### **Avfallsplan**

Det er i sak 18/3471 godkjent tiltaksplan etter forskrift om begrensing av forureinsing § 2-8. Alt avfall tiltaket fører med seg skal skje i samsvar med tiltaksplan godkjent i administrativt vedtak saknr. 685/19 datert 02.12.19.

### **VURDERING**

Sikring av massar og mellomlagring, samt eventuell borttransportering skal skje i samsvar med tiltaksplan godkjent i sak 18/3471 administrativt vedsak saksnr. 685/19 datert 02.12.19.

### **Plassering**

Det rørde området «truckdieselområde» , diseltank og oljeutskiljar er synt på siuasjonsplan dagsett 05.12.19 – vedlegg D1.

### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for riving av eksisterande truckdieselområde med tilhøyrande dieseltank (6000 l) og oljeutskiljar, samt fjerning av forureina massar frå eigedom gbnr 188/38. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal gjennomførast i samsvar tiltaksplan godkjent i administrativt vedtak saknr. 685/19 datert 02.12.19, arkivsak 18/3471.
2. Det aktuelle området og massar skal sikrast slik det går fram av tiltaksplan for forureina grunn, versjon E02 datert 12.09.2018.

**Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:**

1. Sluttrapport i samsvar med tiltaksplan.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/3305**

**Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
St1 Norge Group AS	Postboks 1154 , Sentrum	0107	OSLO
St1 Norge Group AS	Postboks 1154 , Sentrum	0107	OSLO

**Mottakarar:**

Norconsult AS	Postboks 626	1303	SANDVIKA
---------------	--------------	------	----------